UNIVERSITETET
I OSLO

Tjenestamannsorganisasjonene ved UiO
Dato: 22.09.2026
Dykkar ref.:
Vår ref.: 26/20556-3

Referat fra informasjon-, drøfting- og forhandlingsmøte 22.09.2026

Tid og stad: 22. september 2026 kl. 09.40 - 11.15, Fakultetsstyrerommet

Frå organisasjonane:

- Maren Ringstad, Bjørnar Sæther og Liv Tone Måseidvåg - Forskarforbundet
- Silje Forsland - Akademikarane
- Ingalill Herstad og Lærke Ajaaja Madsen Otzen - NTL
- Ariel Sevendal - Parat
- Mari Gakkestad - lokalt hovudverneombod

Frå fakultetet:

- Anne Julie Semb - dekan
- Kristel Skorge - fakultetsdirektør
- Aud-Jorunn Sandal – referent

Innkallinga vart godkjent.

Sakspapira til sakene finnes i innkallinga til fakultetsstyremøte 24.09.2026

Forhandlingssak

Sak 1: Organisasjonsendring ved Institutt for statsvitskap

Dekanen orienterte kort om saka.

Ingen av organisasjonane hadde innsigelsar mot organisasjonsendringane

Parat etterlyste utkast til protokoll for signering.
Fakultetsdirektøren måtte beklage at dette ikkje var vedlagt, og ein vart samde om at denne skulle ettersendast for godkjenning.

Forskarforbundet etterlyste eit punkt om evaluering av organisasjonsendringa etter ei viss tid. Vidare stilte dei spørsmål ved om arbeidsgjevarlinjene var tydlege nok, spesielt ved konflikt. Dekanen seier ei evaluering etter ei tid er fornuftig. Ansvarslinjene vert også tydlegare med denne organisasjonsendringa. Arbeidsfordelinga er allereie praktisert, men no vert det i tillegg formalisert med eit tydeleg personalansvar.

NTL spør kven som skal følgja opp at dei nye leiarane for dei kursa dei treng som nye arbeidsgjevarar.
Dekanen seier at instituttleiarane har ansvar for at dette blir følgt opp. Dei er allereie i gang med å bli kursa, men sidan det i framtida blir rotasjon på desse oppgåvene, må ein sørgja for at framtidige leiarar også får naudsynt opplæring

Drøftingssaker

Sak 1: Forslag til årsplan for 2027-2029

Sjå D-sak 3 i innkallinga til fakultetsstyremøte.

Innleiingsvis sa fakultetsdirektøren at UiO sentralt er i gang med å utarbeide ein utviklingsavtale i samarbeid med departementet. Denne utviklingsavtalen vil i framtida bli UiO sin årsplan, og vil med dett også leggje premiss for SV sin årsplan.

Dekanen orienterer kort om årsplanen og spør om nokon har merknader.

Parat meiner årsplanen er god, men at slike planar ofte har ei blanding av tiltak og strategi som kan gjera måla litt utydlege. Vidare er det viktig å tenkja igjennom om ein har nok tilsette til å gjennomføra tiltaka, eller om tiltaka legg ekstra press på enkelte tilsette eller tilsettegrupper.
På side 8 som omhandlar berekraft burde det kanskje stå noko om Globe og tverrfagleg arbeid med berekraft.

Verneombodet har fleire konkrete forslag til forbetringar.
På side 14 som omhandlar arbeidsmiljø bør ein være meir ambisiøs og ha fleire tydlege tiltak, som t.d. å auka kompetansen på psykososialt arbeidsmiljø og å markere verdsdagen for psykisk helse.
På side 16 står det at alle tilsette skal tilbys medarbeidarsamtale og karriereutvikling, men at det burde stå at ein skal sikre at alle tilsette blir tilbudt medarbeidarsamtale og karriereutvikling.
På side 17 i det tredje kulepunktet for ein formålstenleg arealsituasjon som seier «Arbeide for en effektiv utnyttelse av fakultetes arealer», og bør ein i tillegg leggja til "som samtidig sikrar eit godt arbeidsmiljø for dei tilsette".

NTL syner også til punktet om effektiv arealbruk, og skulle gjerne hatt ein spesifisering kva ein meiner med "effektiv arealbruk".

På side 8 punkt 5 ber NTL om ei tydeliggjering av kva som vert meint med «samle data om og analysere frafall ved fakultetet med formål om å identifisere og iverksette effektive tiltak for å redusere frafallet og for å øke andel studenter som gjennomfører studiene på normert tid» då dette punktet kan misforståast til å handle om nedlegging av program med låg gjennomføring, i staden for å gjennomføre undersøkingar slik som ØI har gjort for å betre forstå årsakene til fråfall.
På side 9 står arbeidet med EVU omtala. Blir det sett av midlar til dette arbeidt? Per i dag finnes det ikkje EVU ressursar verken sentralt eller ved fakultetet, og det er utydlege kven som har ansvaret for regelverket og som dei lokalt kan henvenda seg til ved spørsmål.
På side 9 står det også at ein skal samarbeide med UiOs Karrieretjenester i utvikling av digital karrierestørre til alle studentar. Desse tenestene er kutta ned sentralt og arbeidet er blitt dytta nedover i organisasjonen. Vil at det skal kome fram at fakultetet skal jobba mot desse kutta sentralt.
På side 17 står det at fakultetet skal vidareføre arbeidet med universell utforming av fakultetets bygningar. Her er det uklart kven som har ansvaret, og ofte blir institutta eller enkeltindivid sitjande med ansvaret når problem oppstår. Det burde kome klarare fram kven som har ansvaret for kva.

Forskarforbundet peikte på at fleire av formuleringane i årsplanen er noko runde, og etterlyste tydelegare konkretisering av kva tiltaka inneber og kva ressursmessige konsekvensar dei kan få. FF stiller seg bak verneombod og NTL sine innspel i samband med punktet om effektiv arealbruk.
Så side 17 som omhandlar kjønnsfordeling stilte Forskarforbundet rundt målsettinga om å sikre kjønnsbalanse i faste vitskaplege stillingar, og presiserte at det var viktig at kjønnsbalanse blir målt på den enkelte eining, og ikkje på fakultetet samla.

Sak 2: Fordeling 2027 til fellestenester og grunneiningar

Sjå V-sak 7 i innkallinga til fakultetsstyremøte.

Dekanen orienterte kort om fordelinga.

Organisasjonane hadde ingen merknader til saka.

Sak 3: Fordeling av ubrukte midlar frå 2025 til einingane

Sjå V-sak 8 i innkallinga til fakultetsstyremøtet.

Dekanen orienterte kort om fordelinga.

Verneombodet spurt om det er ein bevisst strategi at ein ikkje set inn vikarar ved sjukefråvær. Dekanen seier at dette kan vera korte sjukmeldingar og det kan vera ressurskrevjande å setja inn vikarar dersom dette krev opplæring i system og sakskompleks.

Sak 4: Møteplan for IDF-møta i 2027

Ingen merknader til møteplanen.

Informasjonssaker

Sak 1: Status årsplan 2026.-2028

Sjå V-sak 4 i innkallinga til fakultetsstyremøte.

Organisasjonane merkjer at dette er eit godt og tydeleg dokument.

Sak 2: Rekneskap for 2. tertial 2026

Sjå V-sak 3 i innkallinga til fakultetsstyremøte.

Fakultetsdirektøren orienterte kort om rekneskapen.

Organisasjonane hadde ingen merknader til saka.

Sak 3: Utgreiing av Sosialantropologisk institutt sitt økonomiske, fagstrategiske og organisatoriske handlingsrom

Sjå D-sak 2 i innkallinga til fakultetsstyremøte.

Dekanen hadde ein kort gjennomgang av saka.

Verneombodet meiner det burde kome klarare fram i notatet frå dekanen at det var dissens i gruppa på spørsmålet om ein stab på 11 fast vitskapleg tilsette er for lite til å oppretthalde fagmiljøet ved SAI.
Verneombodet sat i arbeidsgruppa og meiner at det var eit utfordrande mandat, og at det var sett av for lite tid til arbeidet og til å gå i djupne. Meiner dette gjer at rapporten i seg sjølv ikkje er grunnlag nok for å fatte vedtak om SAIs vidare eksistens.
Høyringssvara syner at det er forslag som gruppa ikkje klarte å koma inn på og at dette viser viktigheita av å lytta til dei som sit nærast og veit kva skoen trykkjer, og som kan sjå løysingar som andre meir perifere ikkje kan koma på.
Det bør også gjennomførast grundige risikoanalysar for kvar av dei løysingane som er aktuelle, både som eit verktøy for å finne den eller dei beste løysingane ein til slutt landar på.

Uroa ved SAI syner kor viktig det er å involvere dei tilsette slik at dei opplever å verta høyrt og slik at dei får tillit til prosessen. Høyringssvara syner at det er stor vilje blant dei tilsette til å gå i dialog med fakultetet og med å finne løysingar, og dette er ein viktig ressurs som bør brukast og lyttast til. Det er viktig å ha dei tilsette med på laget for at det valet ein gjer vert vellukka.

NTL melder om at det har vore uro frå sine medlemmar i denne saka. Dei tilsette føler seg ikkje involvert i prosessen. NTL spør også om tilsette er invitert inn til å delta på styremøte.

Dekanen fortel at ho har vore på to allmøte ved SAI der saka er blitt lagt fram. Når det gjeld styremøte er ikkje dei tilsette invitert inn, men møta er opne så ein reknar med at fleire frå SAI kjem til å vera til stades som tilhøyrarar.

Forskarforbundet stiller seg bak det som er kome fram frå dei andre. Det verkar også som om dei tilsette har ei litt anna problemforståing enn det som arbeidsgruppa har. Det er tilsette ved SAI som ikkje har tillit til den rapporten som er lagt fram. Ein må ta dei tilsette si uro på alvor og kva dette betyr for arbeidsmiljøet. Forskarforbundet understreka behovet for ein open og transparent prosess med medverknad frå dei tilsette. Det er viktig at dei tilsette sine perspektiv blir lytta til, og at arbeidsmiljøet og dei tilsette blir godt ivaretekne i den vidare prosessen. Vidare er det viktig med ei risikovurdering.

Sak 4: Internkontroll og prioriteringar for 2026/2027

Sjå O-sak 3 i innkallinga til fakultetsstyremøte.

Organisasjonane hadde ingen merknader til saka.

Sak 5: Utmelding av Honours-programmet

Sjå O-sak 4 i innkallinga til fakultetsstyremøte.

Organisasjonane støttar utmeldinga.

NTL skulle gjerne sett at denne saka også hadde vore i IDF i eit tidlegare møte, og at den ikkje først kom når vedtak om utmelding skulle fattast. vera

Sak 6: Øvrige saker til fakultetsstyremøte 14.09.2026

Ingen merknader.

Sak 7: Personalsituasjonen

Kristel Skorge har byrja i stillinga som fakultetsdirektør.

Sak 8: Eventuelt

Verneombodet synet til at KI-briller er blitt forbode ved fleire arbeidsplassar, og lurar på om dette er noko fakultetet tenkjer på.

Dekanen sier at dette ikkje har vore oppe som problemstilling, og at det i så fall er naturleg at UiO sentralt kjem med policy for dette gjeldande heile UiO.

Med helsing

Kristel Mari Jæger Skorge	Aud Jorunn Sandal
Fakultetsdirektør	Seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen underskrifter.

Saksbehandlar: Aud Jorunn Sandal